

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Jon Askeland sette på vegne av SP, A, SV, KRF, H, SV, V fram oversendingsforslag.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite meining i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.
2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.
3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på «større veger med sterke næringsinteressere» vil kunne ivaretakast ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

Oversendingsforslag frå Jon Askeland.

Utvalet for miljø og samferdsel sender saka attende til administrasjonen og ber om ei utgreiing på aktuelle fylkesvegar som kan omklassifiserast til riksveg.